



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Lekanger

Vår ref.  
17/128-17/ IOT  
18/3500

Dykkar ref.  
e3bbb485-14af-4d99-ae04-  
5ec59bb578e8

Arkiv  
K2 - D11

Dato:  
20.03.2018

### **Fjaler - Søknad om midlar til realisering av nye innandørs skytearena i Dale - nye innspel**

Syner til søknad frå Fjaler kommune av 24. november 2017 og telefonsamtale med sakshandsamar Atle Skrede fredag 16. mars 2018.

Her er nokre oppdateringar etter kommunestyret i Fjaler 19. mars 2018 der saka var oppe på nytt. Vi speler dette inn slik at dei ligg føre på møte vi skal ha 23. mars 2018 i Førde.

Fjaler kommune søkte i utgangspunktet 4 mill frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til heile utbyggingsprosjektet som hadde ei kostnadsramme på 11,4 millionar. Tanken var at dette kunne sjåast i samanheng med at det var sett av pengar til utbygging av nytt verkstadbygg på skulen – og at nokre av desse pengane kunne omdisponerast til skytebane. Etter råd frå fylkeskommunen har Fjaler kommune gått inn med ytterlegare 200 000, slik at dei er inne med same sum (2,7 mill) som dei no søker fylkeskommunen. I tillegg har ein fått ei ny løyving frå Sparebankstiftinga Fjaler som gjekk inn med 500 000 i 2017 – og som no i 2018 går inn med ytterlegare 350 000 (med forbehold om at det vert godkjend i generalforsamlinga). I tillegg har Fjaler kommune garantert for søknadssummen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Grunnen til dette er at det er veldig viktig for Dale skyttarlag å ha klar ein arena i løpet av hausten 2018 slik at dei ikkje står ein sesong utan aktivitet. Vidare er dette viktig for Dale vidaregåande som rekrutterer elevar med interesse for skyting i heile regionen og bruker dette som ein faktor som gjev auka attraktivitet.

Fjaler kommune fokuserer no på den delen av utbygginga som gjev auka aktivitet. Det som opphavelig låg inne var skytebane med 10 baner, aktivitetsflate/styrketreningsrom på 100 m2, lager på 60 m2 og sosialt rom. Det sosiale rommet låg inne som ein opsjon i anbudet – og vi trekk no dette ut av utbygginga. Denne delen hadde ein kostnad på 1,9 mill – og er mogeleg å la seg realisere i neste byggesteg. Vi vurderer å gjere om heile påbygget til aktivitet slik at det vert 150 m2 aktivitetsflate og resten skytebane, men dette skal vi ta ein siste runde på denne veka.

Kostnad og finansiering med ny løysing ser slik ut:

#### **KOSTNAD:**

Skytebane, aktivitetsflate og lager: 8,8 mill  
Inventar skyting: 0,6 mill  
Prosjektering: 0,1 mill  
SUM: 9,5 mill

#### **FINANSIERING:**

Fjaler kommune: 2,7 mill (løyvd)  
Sparebankstiftingane: 0,95 (løyvd)

Dale skyttarlag: 0,45 mill  
Spelemidlar: 2,7 mill  
Søknad Sogn og Fjordane fylkeskommune: 2,7 mill  
SUM: 9,5 mill

Med helsing

Ingeborg Opdøl Tysnes  
leiar kultur  
Direkte tlf: 57738044

*Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.*